

Ny løe i Vetl-Eidsvik på Snilsveitøy

09.08.2010



**Siri Teigland og Sigbjørn Øye byggjer ny løe på bruket sitt i Vetl-Eidsvik på Snilstveitøy.
Løa vert bygd i 2 høgder og har ei grunnflate på 75 m².**

Løa ligg fint i landskapet og er godt synleg frå fastlandssida. Her er det areal for sauefjøs, høylager og for andre aktivitetar som kurs og møte.

Då Siri og Sigbjørn kom til Vetl-Eidsvik i 2000, var løa dotten ned. Restane vart rivne. Den nye løa har ei litt anna plassering, i Sagbekkjen der det før har vore ein husmannsplass med samanbygd løe og bustadhus.

Tømmeret til løa vart hogge tidleg på året 2009, flåta til sag på Enes og lagt til turk. Grunnmuren vart støypt juli same året.

Etter transport med lastebil, båt og traktor attende til øya, kunne bygginga ta til. Uskedalen.no har før skrive om det store og omfattande arbeidet Siri Teigland og Sigbjørn Øye gjør med rydding av kulturlandskapet og restaurering av gamle hus i Eidsvikjo.

Dei har ved fleire høve vore tilrådd for tildeling av Kulturlandskapsprisen i Hordaland. Etter vitjinga vår til Eidsvik og husmannsplassen Lindestølen i sommar er vi overtydd om at Siri og Sigbjørn er verdige denne tildelinga.

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal

